

Elefantar

Elefantar er kjempestore pattedyr som kan bli over fire meter høge og vege 10 tonn. Dei lever i Afrika og Asia. Alle elefantar har snabel. Med snabelen kan dei lukte ting og gripe ting. Dei kan også trekkje inn vatn med han og dusje med han. Mange elefantar har to kraftige støyttenner som veks på kvar si side av snabelen. Elefantane høyrer veldig godt. Afrikanske elefantar har skikkeleg store øyre, mens asiatiske elefantar har litt mindre øyre. Ein elefant liker seg best saman med andre elefantar, og dei er veldig smarte. Elefantane snakkar saman med kroppsspråk og lydar.